

Hallo i nedslagsfeltet!


No er påskeferien rett rundt hjørnet, noko som kjennest superbra ut!!
Eg og Ingrid tek flyet til Vigra fredag morgon klokka 7 (!!!tidleg), og skal vere på Brunstad heile ferien. Eg håper verkeleg at vêret blir fint, slik at vi kan få ta oss mange fine skiturar, både på langrenn og fjelltur. Det ser i alle fall bra ut på langtidsvarselet! Eg har randoneeski som eg eigentleg aldri har prøvd skikkeleg ut, berre på Vallasætra og Brunstadsætra osv. So eg håper at eg og pappa kan gå en litt lengre og krevjande fjelltur.

Den siste månaden har veret vore fint stort sett kvar dag, og vi har køyrt et par turar til Sirdalen for å gå på ski. Den eine gongen var det til og med skikkeleg påskestemming!





For ei stund sidan hadde vi jobbveke på skulen, og no har eg, Christine og Nora fått "ufast" jobb på Sjokoladepiken! Det blir kjekt å tene litt pengar, og at vi jobbar med sjokolade gjer det endå betre!



Påskeypynting!

Elles går det i eitt med skule og trening, so eg får eigentleg ikkje gjort so mykje anna. Vi er i gang med fotballkampar igjen også, og vi har faktisk

vunne ein av dei, noko som er ganske bra ettersom at vi taper dei fleste, hehe.



Også har eg gått litt på rulleski ☺

Min personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til:
7,3